

Lindås Rør & Sanitær AS  
Burkhovdane 1  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8615 - 21/69031

Saksbehandlar:  
Christine Erichsen  
christine.erichsen@alver.kommune.no

Dato:  
22.10.2021

## Foreløpig svar - gbnr 323/395 Frekhaug

Tiltak: montering av fettutskiljar  
Byggjestad: Gbnr: 323/395  
Tiltakshavar: Astrid Horghagen Tvedt  
Ansvarleg søker: Lindås Rør & Sanitær AS

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad og saka har saksnummer 21/8615.

Ved ein første mottakskontroll ser vi at målsatt situasjonsplan ikkje medfølgjer søknaden. Vedlagt følgjer riktig situasjonskart, og vi ber om at denne vert påført målsatt skildring av plassering av tiltaket i forhold til bygningar, nabogrense, kommunalveg ol., samt tilknytningspunkt til offentleg nett. Vi ber om at dette vert sendt inn **innan 05.11.2021**.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sett i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida.

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.	12 veker
Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå	12 veker

statlege og regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5.	
Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2 og 20-3, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje ligg føre merknader frå naboar/tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig. Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang. For søknad om løyve til tiltak etter § 20-4 gjeld 3 vekers fristen uavhengig av om det ligg føre merknader frå naboar/tverrbuarar. Løyve vert rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.	3 veker
Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve.	12 veker
Søknad om igangsetting	3 veker
Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn. Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk.	3 veker
Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn. Byggverket kan ikkje takast i bruk dersom fristen ikkje er halden.	3 veker

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist.

Grunna stor saksmengd og redusert kapasitet kan sakshandsaminga ta noko lengre tid enn ønska. Vi beklager for eventuelle ulemper dette fører med seg.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

### **Regelverk**

- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) kapittel 7, jf. plan- og bygningslova (pbL) § 21-7.
- Lengre frist kan avtalast, jf. pbL § 21-8.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Christine Erichsen  
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

### **Vedlegg:**

Situasjonskart - gbnr 323\_395 Frekhaug

**Mottakarar:**

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1

5914 ISDALSTØ